



Årsmelding for 2021

Styret

Dette styret vart valt på årsmøtet 07.03.21

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemer:
Harry Solberg (ikkje på val)	1. Ingvild Jøsendal (valt for eitt år)
Harald Jordal (attvald for 2 år)	2. Marianne Bergstø Severinsen (valt for eitt år)
Solveig Grønlien (ikkje på val)	3. Sigrid Espeland Lerbak (valt for eitt år)
Håkon Tverdal (attvald for 2 år)	Valnemnd: Sigrid E. Lerbak (leiar), Tommy Tverdal og Gudrun Eimstad Revisor: Dagmar Lien Isdal.

Marit Bleie Mannsåker har vore rekneskapsførar og Håkon Tverdal kasserar. Harald Jordal har vore skrivar.

I 2021 hadde styret tolv møte.

Medlemstalet

Medlemstalet i 2021 var på 140, og det er ein framgang på 4 medlemmar samanlikna med medlemstalet i 2020. Odda Mållag hadde ei stor vervelysing i Hardanger Folkeblad 17.12.21, der Leif Einar Lothe og Joar Førde oppmoda HF-lesarar om å melda seg inn i mållaget.

Målbruksplan for Ullensvang kommune

I juni 2021 vedtok Ullensvang kommunestyre målbruksplanen for kommunen.

I målbruksplanen vert det slege fast at nynorsk er skriftspråket i Ullensvang kommune. Den vedtekne målbruksplanen til Ullensvang kommune er lagt ut på heimesida til Odda Mållag.

Språkdelt ungdomsskule

I framlegget til ny opplæringslov, lagt fram 26.08.21 av kunnskapsminister Guri Melby på vegner av Solberg-regjeringa, fekk mållaget gjennomslag for kravet om språkdelt ungdomsskule. I Hurdal-plattformen for Støre-regjeringa, er språkdelt ungdomsskule eit arbeidsmål for den nye regjeringa.

På statsbudsjettet for 2022, vart det ikkje løyvt midlar til språkdelt ungdomsskular, og på Odda ungdomsskule er det framleis målblending. Det var hausten 2016 at målblendinga på ungdomsskulen i Odda tok til.



Innspel til årsmøtet i Hordaland Mållag 20.03.21

Odda Mållag gjorde framlegg om at Hordaland Mållag skulle skipa til eit møte om partia sine målpolitiske prioriteringar ved stortingsvalet 2021. Møtet vart gjennomført 16.08.21.

Odda Mållag sende inn to fråsegnar til årsmøtet i fylkeslaget.

Begge fråsegnene vart vedtekne og sende over til Kunnskapsdepartementet og utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget, med slik ordlyd:

1. Fråsegn om språkdelte ungdomsskular vedteken, på årsmøtet til Hordaland Mållag 20.03.21

Årsmøtet i Hordaland Mållag krev at i kommunar med opplæring i nynorsk og bokmål skal elevane ha rett til å gå i språkdelte klassar på ungdomssteget på same måten som på barnesteget.

Dei tre åra på ungdomssteget er særst viktige for nynorskelevane fordi dei treng all hjelp og støtte i trygge omgjevnader med opplæring på nynorsk.

I nynorskområdet kring Bergen var det i skuleåret 2019/20 271 elevar som bytte frå nynorsk til bokmål då dei byrja på ungdomsskulen. Denne retten meiner me må falla bort fordi språket er ein viktig del av kulturen i eit område.

Det vert heilt feil at umyndige born på 12 år skal ha ein slik rett med vidtrekkjande kulturpolitiske konsekvensar.

Hausten 2016 lova utdanningsminister Torbjørn Røe Isaksen å leggja fram ei melding om språkdelte ungdomsskular. Denne meldinga er enno ikkje komen.

Årsmøtet i Hordaland Mållag meiner at kostnadane med språkdelte ungdomsskular er marginale i ein statleg kulturbudsjettsamanheng.

2. Fråsegn om sidemålsordninga, vedteken på årsmøtet til Hordaland Mållag 20.03.21

Stortinget vedtok 8. april 2021 ei ny språklov der det vert slege fast at nynorsk og bokmål er to allmenne og jamstelte skriftspråk i Noreg.

Årsmøtet i Hordaland Mållag krev at ordninga med to jamstelte eksamenssvar på to ulike dagar tredje året på studieførebuande utdanningsprogram må koma tilbake, og at dette må koma klårt til uttrykk i den nye opplæringslova.

Ut frå eit jamstillingsperspektiv må krava i hovudmål og sidemål vera dei same. Slik må det òg vera på eksamen i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Fram til og med 2008 måtte alle elevane i studiespesialiserande utdanningsprogram opp i både nynorsk og bokmål siste året og me meiner at den gamle ordninga må koma attende.

Så seint som i 2011 skreiv avdelingsdirektør i Utdanningsdirektoratet Eli Karin Flagtvedt og seniorrådgjevar i Utdanningsdirektoratet Bente Heian i bladet Utdanning nr 9/11: «I dag er det same krav til skrivekompetanse i sidemål som i hovudmål.» Med andre ord skulle sensorane stilla dei same krava til dugleik i nynorsk og bokmål, uavhengig av om det var ein sidemålsstil eller ein hovudmålsstil.

Nyordninga med å gjera sidemålet til eit trekkfag og å stilla lågare krav i sidemål enn i hovudmål, vil svekkja statusen til nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg, og er brot på grunntanken i den nye språklova.



Tilskipingar

Etter årsmøtet 07.03.21

Etter at årsmøtet var avslutta, informerte Terje Kollbotn om arbeidet for nynorsk i Vestland fylkeskommune.

Røldalstur 15.08.21

Turen hadde 29 deltakarar. Oddbjørn Lynghammar tok oss med rundt i bygda.

Etter turen skreiv Johan Torekoven denne teksten om turen:

29 sjeler hadde benka seg på Skysstasjonen for inntak av sveler og kaffi og orientering om program for dagen av Oddbjørn Lynghammar. Og då kom drøsen i gang alt.

Fyrste post på programmet var ei synfaring av gamle tufter i Austmannalia. Vi stod samla ved restane etter ein buplass på 1800-talet og tok imot ei historie om ein familie på ni – mor, far og sju ungar som levde i armod og naud. Dei berga seg mogeleg på jakt, fiske og nokre geiter.

Historia fortel at dei i desperasjon reiste til «det forjettede land» Amerika. Historia er lang: mellom anna måtte dei til Stavanger for å ta båten til «Junaiten». Då levde dei i ei anna verd. Men i Amerika døyde far og mor same året dei kom dit.

Neste post: Valldalen. Eit syrgjeleg syn møtte oss ved demninga. Nedtappa som sjeldan tidlegare. Med Oddbjørn sin tale til forsamlinga, kom eg på at eg to gonger hadde sett Valldalen før neddemminga og eg har berre eitt ord for det som har hendt: vandalisme. Sytten stolar vart lagde under vatn og dette må ha vore ei vond tid for mange. Det var litt sneke i norda-vinden, men det var verdt seansen.

Utbygginga av Tufteelva har engasjert mange i bygda. No fekk vi detaljane om dette prosjektet, utan at eg skal kommentera det.

Tilbake i Skysstasjonen fekk vi servert middag inkludert dessert og kaffi. Og det vart ikkje stilt rundt borda etter alle inntrykka. Som avslutning fekk vi sjå film som Oddbjørn sjølv hadde teke av fjellheimen og bygda. Litt emosjonelt skal vi tola når det er snakk om kjærleiken til eigen heimstad.

Ei takk til Solveig Grønlien og Knut O. Dale for arrangementet.

Og ikkje minst: Takk til Oddbjørn Lynghammar!



Førjulssamling på Sandvin 20.11.21

Den 21. nov. arrangerte vi førjulssamling på Sandvin i nydeleg novembersol. Omkring 90 forventningsfulle store og små møttest til graut, julepregang og eit minnerikt møte med ulike dyr. Her fekk vi helsa på sørafrikanske boergeiter, kanadisk hengebuksvin, kaniner, marsvin, kattar, kalkun, høns, hane, kyllingar, undulatar og nymfeparakittar. Vidar Børve bidrog med flott trekkspelmusikk til julesongane og til gangen rundt juletreet i tunet. Fjøsnessen torde visa seg også, og jamen hadde han med snop til borna. Solveig stod for sal frå Krambua, med mellom anna adventskalendrar og eit rykande ferskt Odda i manns minne. Medan dei vaksne besøkte Solveig i Krambua, kunne borna gå fjøsstien der det var lova premie til alle som fullførte.

Heilt på tampen stakk også ordføraren innom arrangementet.

Takk til familien Severinsen som opna dørene for oss!

Den årlege kulturkvelden med presentasjon av Odda i manns minne 21.11.21

Den viktigaste programposten denne kvelden, var presentasjon av Odda i manns minne. Harry Solberg, som har vore både nav og dynamo i alle utgjevingar, fortalde kortfatta om prosjektet. Dette er den 30. utgjevinga. Dei som har ytt bidrag til boka, fekk eit eksemplar kvar.

På vegner av Næringshagen, mottok Sara Tokheim målprisen for 2020.

Lars O. Bleie presenterte den nye boka si: «Glimt frå ein barndom».

Ungdomslaget selde mat og kaffi. Elles var det allsong, bokutlodding, tippetevling og lun stemning.

I ei uroleg koronatid, var det likevel godt frammøtte. Kring 50 personar var sessa kring borda.

Nynorsk i vaksenopplæringa

Odda Mållag tok opp status for nynorsk i vaksenopplæringa i Ullensvang kommune, i eige møte 27.09.21. Til stades på møtet, var rektor på vaksenopplæringa Berit Leigland, avdelingsleiar Anne Grethe Thiis Vestrheim og leiaren i Odda Mållag Knut O. Dale.

Leigland og Vestrheim sa: «Det er i dag ikkje vanskar med å få tak i lærebøker på nynorsk».

Det er tre kategoriar elevar: Overføringsflyktingar, arbeidsinnvandrarar og familiesameinte.

I Odda er det ca 60 elevar, medan det er ca 30 elevar i Kinsarvik.

Overføringsflyktingane som er busette i Odda, får opplæring på nynorsk og borna deira går i nynorskklasse på Odda barneskole.



Lovbrot som system for nynorske læremiddel i den vidaregåande skulen

Odda Mållag vart kontakta av Cecilie Elisabeth Vestbøstad, bibliotekar på Odda vidaregåande skule, den 1. juni 2021 med denne e-posten:

«Tenkte kanskje det kunne vera interessant for mållaget å høyra om korleis det har vore for nynorskelevane på Odda vgs i overgangen til Fagfornyinga. **Eit fåtal av læreverka var klare til starten i haust, og nynorsk-varianten har som regel vore klar ein dryg månad seinare enn bokmål.** TIP-klassane fekk den siste læreboka si på nynorsk i forrige veke.

Liknande skeivutgiving vil nok skje på fagfornyinga på vg2-trinnet til hausten. Bokmåls-variantane kjem til å komme mykje tidlegare enn nynorsk-variantane. Noko som til dels tvingar skulane til å kjøpe inn større del bokmål enn dei treng, for i det heile å ha lærebøker å tilby, og elevane vert tvungne over på bokmål. Målformene burde verte jamstilt i fagfornyinga ved at begge målformer vert gitt ut samstundes, slik er det ikkje.»

Odda Mållag legg til grunn:

Nynorske læremiddel til same tid og pris som bokmålsutgåvene, har vore ein lovfesta rett lenge.

Odda Mållag ved leiar, sende e-posten vidare til leiaren i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, som fekk fylkestingsrepresentant, no stortingsrepresentant for Venstre, Alfred Bjørlo til å ta saka opp i fylkestinget i Vestland.

Bjørlo sa i fylkestinget:

«Kva vil Vestland fylkeskommune som skuleeigar gjere for å sikre at lærebøker og andre læremiddel ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid for elevane i vidaregåande for skuleåret 2021/22, slik at reglane i opplæringslova om jamstilling mellom nynorsk og bokmål blir følgde for elevane i Vestland?

Kommunar og fylkeskommunar spelar ei sentral rolle i språkpolitikken. Ikkje minst gjeld dette i Vestland, som er Noregs største nynorskfylke. Opplæringslova slår fast at lærebøker og andre læremiddel skal ligge føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, for å sikre nynorskelevar ei like god lese- og skriveopplæring som bokmålselevar. ...

Dersom bokmålsvariantane systematisk kjem tidlegare enn nynorskvariantane, vil det i praksis seie at skular og elevar blir pressa over til bokmål i direkte strid med opplæringslova.

Vestland fylkeskommune må som skuleeigar snarast gripe tak i denne situasjonen, og bruke si makt som det største nynorskfylket i landet til å få slutt på denne lovstridige praksisen. ...»

(Heile spørsmålet er lagt ut på heimesida til Odda mållag)

Fylkesordførar Askeland sa m.a.:

Hovudutval opplæring og kompetanse vedtok 13. oktober i sak 51/20 følgjande høyringsfråsegn til forlag og andre produsentar av læremiddel:

«Vestland krev lærebøker på nynorsk. I samband med innføring av fagfornyinga frå skuleåret 2020/21 skal det produserast nye lærebøker og andre læremiddel. § 9-4 i opplæringslova slår fast at ein i grunnskulen og vidaregåande opplæring, med nokre få unntak, berre kan bruke lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på begge målformer til same tid og til same pris.

Som eit stort nynorskfylke er det naturleg for Vestland fylkeskommune å følgje opp brot på parallellitetskravet til læremiddel. Hovudutval for opplæring og kompetanse krev at forlag og andre produsentar av læremiddel klarer å levere læremiddel på begge målformer til same tid og same pris. Dette har elevane våre krav på.»



(Heile svaret ligg ute på heimesida til Odda Mållag.)

Vilkåra for nynorskelevane i den vidaregåande skulen

Eit samrøystes hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune vedtok 06.10.21:

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesdirektøren setje i gang arbeid med målbruksplan for Vestland fylkeskommune. I samband med dette arbeidet ber hovudutvalet om at det vert gjennomført vidare kartlegging av korleis elevar og tilsette møter nynorsk i skulekvardagen.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at målbruksplanen inneheld retningslinjer og tiltak for å oppfylle opplæringslova §9-4, som gir elevar og lærlingar same retten til lærebøker og læremiddel på nynorsk som på bokmål. Hovudutvalet meiner dette òg må omfatte digitale læremiddel og læringsressursar.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse tilrår at kurs i nynorsk jamleg blir tilbydd tilsette ved dei vidaregåande skulane og rettleiingstenestene .
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesdirektøren syte for at tilsette, elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune har tilgang på kontorstøttesystem på nynorsk.

Odda Mållag vil takka Vestland fylkeskommune for dei offensive vedtaka som er fatta. Me vil òg streka under at dette er viktige vedtak for Vestland som det klart største nynorskfylket i landet. Per i dag byter nær halvparten av nynorskelevane hovudmål frå grunnskulen til den vidaregåande skulen i gamle Hordaland fylke.

Odda Mållag peikar vidare på:

I dag er det ikkje dei som gjev ut/produserer læremiddel som har juridisk ansvar for at læremiddel kjem på begge skriftspråka til same tid og til same pris. Det juridiske ansvaret er lagt til skulane, som i praksis ofte ikkje kan lastast for at nynorskelevane ikkje får læremiddel på nynorsk slik dei har krav på etter lova. Dersom slike stadige brot på det lovfesta prinsippet for utgjeving av læremiddel vert konsekvensfrie for utgjevar, «veit» vi at noverande praksis vil verta vidareført med fatale konsekvensar for nynorsken si framtid. Lovgrunnlaget må utdjupast, slik at det juridiske ansvaret for at læremiddelet er til same tid og pris, vert lagt til utgjevar/forlag.

For brot på dette lovfesta parallellitetskravet til læremiddel, må det vera ein lovfesta heimel for sanksjonar.



Målprisen 2020

Målprisen for 2020 vart gitt til Næringshagen i Ullensvang.

Næringshagen i Odda var i mange år ein bokmålsbastion og som fylgje av kommunesamanslåinga vart den til Næringshagen i Ullensvang. Den låg og ligg sentralt plassert på Smelteverkstomta i verket sitt tidlegare sentrallager. Næringshagen yter viktige tenester til eksisterande næringsliv så vel som nyetableringar.

I dag presenterer dei seg slik på internett:

«*Kven er me?*

Næringshagen i Ullensvang er eit vekst- og innovasjonsselskap som jobbar med næringslivet for auka nyskaping, vekst og utvikling.

Hovudmålet vårt er å styrke næringslivet si langsiktige verdiskaping, konkurransekraft, innovasjonsevne og sysselsetting gjennom nye arbeidsplassar.»

Odda Mållag gler seg over utviklinga, og peikar på at Ullensvang kommune er ein næringssterk kommune, med eit breitt og allsidig næringsliv, som òg har vist stor evne til nytenking og auka verdiskaping. Næringshagen har viktige oppgåver å løysa, og har gjort greie for programmet sitt.

(Heile grunngevinga ligg på heimesida til Odda Mållag.)

Deltakarar frå Odda Mållag på ulike møte

På det digitale årsmøtet til Hordaland Mållag 20.03.21, deltok Harald Jordal, Ingvild Jøsendal, Håkon Tverdal, Knut O. Dale og Solveig Grønlien. Solveig Grønlien deltok som nestleiar i Hordaland Mållag.

Knut O. Dale møtte som observatør på landstinget til LNK (Nynorsk kommunane) på Stord 22. og 23.09.21.

På seminaret til Noregs Mållag, skipa til i Oslo 20.11.21, deltok Knut O. Dale. Tema på seminaret var m.a. den nye opplæringslova.

På digitalt seminar, skipa til 25.10.21, av Hordaland Mållag var Sigrid E. Lerbak, Solveig Grønlien, Harald Jordal og Knut O. Dale med frå Odda Mållag. Skulemålsskrivaren i Noregs Mållag, Ingar Arnøy, innleidde på det timelange seminaret.

Knut O. Dale deltok på markering av at det er 50 år sidan dei store læremiddelaksjonane i 1971. Møta var på Rossvoll (Øystese statsrealskule og gymnas no Kvam vidaregåande skule) og i Norheimsund. Knut O. Dale innleidde på møtet i Norheimsund om arbeidet for nynorske læremiddel på 70-talet og særleg i 1971. Vidare vart han intervjuet av Språkrådet på tilskipinga på Øystese gymnas. Oppslaget er å finna på You Tube under overskrifta: Språkdagen 2021.

Økonomien

Rekneskapen vert lagd fram på årsmøtet. Økonomien til Odda Mållag er god.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar

Nynorskprisen for solid nynorskbrukar og avgangselev på Odda vidaregåande skule, gjekk til Albertine Berg Skreien. Prisen er på 2 500 kr.

Før jol gjorde styret i Odda Mållag vedtak om å løyva 2 000 kr til Radio Folgefonn. Løyvinga gjekk til ny kopimaskin i lokala til radioen.



Nynorskprosenten i Odda-skulane

I skuleåret 2021/22 har 69 % av elevane i «gamle» Odda kommune nynorsk som hovudmål. Den 2. februar sette mållaget inn ei lysing i Hardanger Folkeblad, der foreldra vert oppmoda om å velja nynorsk ved innskrivinga i skulen.

Odda i manns minne nr. 30

Opplaget var i år på 1000 eksemplar. I skriftstyret sit Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Solveig Grønlien og Håkon Tverdal har administrert salet.

Kvaliteten av denne utgjevinga er fullt på høgde med tidlegare bøker.

Ugreie tilhøve i Hordaland Mållag

Det er prova at Astrid Olsen ikkje vart vald til leiar i valnemnda i Hordaland Mållag. Likevel vel styret å ikkje endra protokollen frå årsmøtet.

Elles tykkjer Odda Mållag at det er sær s uheldig at styret tok inn Marie Morken som fullverdig medlem av styret som kasserar. Dette er brot med vedtektene til Hordaland Mållag.

Etterord

Ja takk begge deler, sa Ole Brumm.

I ei koronatid har likevel Odda Mållag gjennomført kjekke tilskipingar. I 2020 var me til Ulvik der Olav H. Hauge var gjennomgangstemaet. I 2021 var me til Røldal, og i slutten av november var det ei familietilskiping på Sandvin, med sær godt frammøte.

Samstundes opplevde Odda Mållag at målrørsla i 2021 fekk gjennomslag for språkdelt ungdomsskule, i offentlege dokument kalla *Oddamodellen*. Dette er ei sak som år etter år har stått på dagsorden på styremøta i Odda Mållag. Me vil vera så frimodige og seia at me har vore ein pådrivar i denne nasjonale saka. Odda Mållag har òg vore oppteke av sidemålsordninga, ei sak som me år etter år har halde varm innerter i Noregs Mållag.

Og så vil me på nytt trekkja fram det fantastiske kulturarbeidet som skriftnemnda og særleg Harry Solberg gjer med utgjevinga av Odda i manns minne. Eit slikt tiltak skaper godvilje for nynorsk, og er med på å fremja og auka omdømet for Odda Mållag og mållagsarbeidet.

Så ja takk, begge deler – for å seia det med Ole Brumm.